

163
K V A R V A R D U ?

Tone: Sions Vækter.

Du som vitlaust brukar munnen med spott frå vonde hjartegrunden
og segjer:"Der er ingen Gud". Barnekåret ditt Du tapte.

Fornekta Han som allting skapte.Stig fram i heiden~~uk~~ ovmod-skrud
so sikker i di sak. Og står med ryggen rak utan blygsla.So reint forgjord.
Med tome ord. Du som om litt er gøymd i jord.

Mann av mold,men stor i ordi : "KvarvDu då Gud skapte jordi ?

Seg frå,om Du kan minnast det. Du,som aldri Honom ensa:

Kvar var Du då Han sette grensa for land og hav,for rangt og rett ?

La hennar hyrdnestein med' morgonstjernor skein.Himlar jubla då ho vart bygd
til trivd og trygd,og Herrens Søner song av frygd ?

Ovmod barn,eg må Deg spyrja:"Kvar var Du vel då livet byrja
å røra seg i tusund skap ? Kvar var Du då fyrst det daga ?

Då Gud den fyrste morgen laga? Såg Du det fyrste stjernerap ?

Då Han ei lov fekk sett for fyrste solarsprett,~~Solefallet~~ ?

Du gjerne må få segja frå kvar Du i verdi ferdast då. - -?

Kan vel Du Sjustjerna binda? Og Orion si lekkja finna,
og løysa henne frå sitt rom? Bjørnen og hans ungar nøra,
og Dyrekrinsens stjernor føra sitt laup i Himmelrømndi om ?

Då verdi - u-skapt sov,og Gud gav livsens lov for all Heimen,Kvar var då,~~in~~
din stad,ditt bu ? Du mann av mold:kvar var då Du ?

Arme dare. Dust av jordi: tak i Deg att dei store ordi
Du slengde ut i nord og sud.Lat 'kje spotten lenger fløyma.

Du må di ville tunga tøyma.Og slutta strida mot din Gud.

Han alt frå æva rår. Men Du er frå i går. Barn av døgret. Eit lite fjom,
som snart fell om. Seg, ottast Du 'kje Herrens dom ?

Johs.M.L.Rydland.